



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:
17/192438-1

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.11.2017

Landbruksvegar og veglova – presisering av gjeldande regelverk

Statens vegvesen ønskjer i dette brevet å presisere at veglova gjeld for landbruksavkøyrslar og velteplassar langs veg.

Det er frå kommunar sett spørsmål ved om avkøyrslar frå offentleg veg til landbruksveg krev handsaming etter veglova. Det er eit ønske frå oss at Fylkesmannen si landbruksavdeling kan ta dette med i rettleiinga dykkar overfor skogeigarar, skogsentreprenørar og skogsvegplanleggjarar.

I veglova § 40 står det:

«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.»

Vegdirektoratet har utarbeidd handbok [R701 Retningslinjer for behandling av avkjørselssaker](#) som skal gjelde for vegvesenet si handsaming av enkeltsaker, men skal også nyttast av Fylkesmannen som klageinstans. I handboka kap. 5.1 står det:

«Søknader om avkjørsel til formål som vanligvis ikke tilsier en behandling etter plan- og bygningslovens bestemmelser, skal realitetsbehandles av Statens vegvesen.

Eksempler på slike saker kan være:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

- Jordbruksveger
- Skogbruksveger og lunneplasser (oppstillings- og lasteplasser for tømmer)
- Midlertidige anleggsveger
- Avkjørsel til fiskeplasser»

Dei som søker om å få byggje landbruksveg må vende seg til Statens vegvesen når avkøyrsla er frå riks- eller fylkesveg , og til kommunen når det gjeld kommunal veg. Avkøyrsla er det punktet der offentleg veg møter privat veg.

Når det gjeld velteplassar, så må det søkjast om dispensasjon frå byggjegrense langs veg før slike skal etablerast dersom dei skal liggje nær vegen. Byggjegrensa langs riks- og fylkesveg er 50 meter i følgje veglova § 29, langs kommunal veg er den 15 meter. Her gjeld same inndelinga som for avkøyrsla at det er Statens vegvesen som handsamar saka dersom det er riks- eller fylkesveg. Kommunen handsamar dersom det er kommunal veg. Dersom tiltaket ligg innanfor ein reguleringsplan, så er det kommunen som skal fatte vedtak etter plan- og bygningslova. Men saka skal sendast på høyring til Statens vegvesen som gir ein uttale til kommunen si sakshandsaming.

Skjema for søknad om avkøyrsla og/eller dispensasjon frå byggjegrense finn ein her: www.vegvesen.no/skjema. Det må og søkast dersom det er endra bruk av avkøyrsla, til dømes der ein gamal traktorveg skal oppgraderast til skogsbilveg.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Kari Elster Moen
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.